



Bautasteinen med grøn innramming 17. mai i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er ikkje lenge til 17. mai og ymse nemdar har forlengst kome i arbeid. Ein av dei er pynte- og ryddenemda og Anita Enæs ber uskedalen.no om å etterlysa bjørk til å pynte bygda med på dagen over alle dagar.

Det som skal pyntast med grønt er rekkverket på Uskedalsbrua, scena på stemneplassen, bautasteinen og vegen opp langs skulen.

Dei treng difor ein heil del og dei som har bjørk vi kan hogga eller saga av bes om å melda seg til Anita Enæs (99 32 08 78) eller Kari Isdal i nemda.